

Doktor Haugen slik du minnest han 15.

25.12.2014



Oppgjer etter påkøyrse.

Det er kjekt å sjå at serien vår om dr. Haugen fengjer også utanfor Uskedalen. Frå Bringdalsbygda har lokalhistorikar Tor Bringedal sendt oss følgjande gode og sjølvopplevde Haugen-historie.

I 10-11 års alderen hadde eg skrappt saman så mykje pengar at eg kunne sykla til Uskedalen og kjøpa eit par kaninungar hos Brulsen. Kaninene gjorde som kaniner skal, og ganske fort vart det mange av dei. Ikkje alle ville halda seg i kaninbura heller, men sprang rundt på småbruket. Og då Haugen ein dag kom susande gjennom Bringedalsbygda, gjekk det ikkje betre til enn at han kørde over ei av kaninene mine.

Mor mi og eg sat på kjøkenet då det banka på døra, og Dr Haugen steig inn med ei daud kanin etter øyrene i handa. "Si meg," sa han. 'Hvor meget koster en kanin?'"

Verken eg eller mor mi fekk summa oss til å svara, men han la kanina og 5 kr på kjøkendisken og gjekk.

Tekst: Tor Bringedal

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003

Nett: Thor Inge Døssland.